

Får planera areal på Kjerland

26.01.2014

Margun Eik har fått løyve til bakkeplanering på Kjerland. Det gjeld 2 mindre areal, eit aust og eit søraust for tunet. Det som ligg nærast tunet har vore nytta som sandtak og ligg for det meste ope. Føremålet er å auka det dyrka arealet og gjera haustarbeidet meir rasjonelt samstundes som ein aukar tryggleiken.

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i området, men fylkeskommunen ber om at det vert teke mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane der.